

**Fra:** tore@hufthamar.no  
**Sendt:** onsdag 17. mars 2021 18:46  
**Til:** 'Jon Askeland'; 'Bjørke Nils T.'; 'Toppe Kjersti'; 'nmnr@stortinget.no'; 'Vedum Trygve Slagsvold'; 'Knut M. Olsen'  
**Kopi:** 'Jenny Ellaug Følling'; 'Jannicke Bergesen Clarke'  
**Emne:** SV: Eksfin og Austevoll har venta lenge nok på rettferdige ferjeruter.

Jon Askeland må ta inn over seg at Austevoll ikkje får det ferjetilbodet ein har krav på, samanlikna med andre strekningar. Han hindrar milliardar i verdiskaping, år etter år, samt at han hindrar svært mange nye arbeidsplassar. Han må om han vil eller ikkje, og innsjå at sambanda i Austevoll har hatt størst vekst og at, Hufthamar – Krokeide, har vokse til og bli det **støste fylkesvegferjesambandet i Vestland**. Årsaka til dette er nok verdiskapinga i Austevoll, som ligg på 62 % over snittet i landet. Austevoll er og Noregs mest folkerike kommune i landet utan fastlandsforbindelese. Samferdsle politikken må styrast etter objektive kriterier, ta omsyn til trafikkgrunnlag, og om ein er landfast eller ikkje. Ein må bruka sundt bondevett, når ein ser noko blir feil må ein gjera noko med det. **Det er no 6 år sidan Helge Hopen rapporten kom, viser til vedlegg**. Sidan denne kom, og også før det, har innbyggjarar, næringsliv og politikarar gitt mengder med innspel til Jon Askeland og Utval for samferdsle og mobilitet, ingenting skjer. **Dei nektar og ta inn over seg at det desidert største fylkesvegferjesambandet i Vestland er Hufthamar - Krokeide**.

Jon Askeland og Utval for samferdsle og mobilitet, utfører ikkje arbeidet sitt i denne saka etter likeverdighetsprinsippet, dei bruker ikkje objektive kriterier. Austevoll-samfunnet finn seg lenger ikkje å bli behandla på denne måten.

- **Jon Askeland vil ha Eksfin til Vestlandet for det er der verdiskapinga skjer, samstundes som han hindrar ny verdiskaping for 3,5 milliardar pr. år i Austevoll.** Korleis er dette mogeleg?
- Staten har sidan 2017 tapt 3,5 milliardar norske kroner pr. år, i verdiskaping, fordi Austevoll Laksepakkeri ikkje får utføra utvidinga dei treng på grunn av manglande ferjer. Som det kjem fram frå næringslivet til BT for 4 år sidan, **dette er heilt horribel styring frå fylkeskommunen**. Viser til vedlegget, Ein stad går grensa. Ein straffar ikkje berre Austevoll, men hindrar også store inntekter til Staten.
- Hufthamar – Krokeide har to timar kortare opningstid og langt færre avgangar enn eit landfast samband med om lag halvparten av trafikken. **Det me ber om er altså eit likeverdig tilbod som eit landfast samband med om lag halvparten av trafikken, har i dag. Siste ferja må gå frå Hufthamar 01:00. Me ber altså om same rutetilbod som eit landfast samband med om lag halvparten av trafikken!**
- Eit anna landfast og nattope! samband, med mindre trafikk, går med 3500 tomme ferjer i året. Samstundes som Jon Askeland skyldar på dårleg økonomi.
- Helge Hopen rapporten frå 2015 dokumenterer at sambanda i Austevoll har dårlegare rutetilbod enn samanliknbare strekningar, viser til vedlegg.
- Innbyggjarar, næringsliv og politikarar har gitt mengder med innspel til Jon Askeland og Utval for samferdsle og mobilitet. Ingenting skjer. **Dei nektar og ta inn over seg at det desidert største fylkesvegferjesambandet i Vestland er Hufthamar - Krokeide**.
- At det ikkje finnes retningslinjer for drift av ferjer i Vestland fylke hindrar verdiskaping i Austevoll, og AS Norge går glipp av ei verdiskaping på 3,5 milliardar norske kroner pr år.
- Det faktum at Skyss, Jon Askeland og Utval for samferdsle og mobilitet, i løpet av 14 år ikkje har gjort noko med 400% på prisforskjell på hurtigbåt, stadfestar at her fungerer svært lite.
- Måten Jon Askeland behandlar Austevoll på stridar mot SP sin eigen politikk, og sunn fornuft, ein forvaltar ikkje millionane ein rår over for drift av ferjer på ein fornuftig måte. At ikkje partiet sentralt tar tak i dette er merkverdig. Dette gjer vondt for ein som har stemt SP heile livet, når det er så stort sprik mellom det politiske budskapet og praktisk handling. Det gjer faktisk vondt, kvar gang eg høyrer ord som: «**Nær folk i heile Norge**», og «**Staten må drive ein aktiv politikk for å sikre arbeidsplassar knytt til verdien i jorda, skogen og på havet**».

**Om de ikkje gjer klare signal i løpet av denne veka, må me gå andre vegar med saka. SP må stå for eigen politikk, i ord og i praktisk politikk.**

Eg har gått parti vegen med dette i fleire år, det har ikkje skjedd noko. Me skal ha det rutetilbodet me har krav på. **Vil og sørge for at dette blir dagsorden i valkampen framover om det ikkje skjer noko snarast. Alle verkemidlar vil bli brukt.**

Meir informasjon om Austevoll finn de her: <https://hufthamar.no/fakta-om-austevoll/> Fakta om kampen for rettferdige ferjeruter finn du her: <https://hufthamar.no/ferjer-og-samferdsle-for-austevoll/>

«Nær folk i heile landet»

Med vennleg helsing:  
Tore Hufthammer  
Hufthamar 60  
5392 Storebø  
94132750  
tore@hufthamar.no

---

**Fra:** Jon Askeland <Jon.Askeland@vlfk.no>

**Sendt:** mandag 15. mars 2021 11:49

**Til:** Tore Hufthammer <tore@hufthamar.no>; 'Bjørke Nils T.' <nils.t.bjorke@stortinget.no>; 'Toppe Kjersti' <kjersti.toppe@stortinget.no>; nmnr@stortinget.no; 'Vedum Trygve Slagsvold' <trygve-slagsvold.vedum@stortinget.no>; Knut M. Olsen <kmo@sp.no>

**Emne:** SV: Eksfin og Austevoll

Me har som kjent fått til fleirtal for ferjetakstar i Stortinget.  
Me ventar i spaning kva som kjem i regjeringa sitt framlegg til NTP for fylkeskommunane.  
Kommunen arbeider med RTP, og politikkkutforminga for detaljar skjer der.  
Me inviterer Austevoll kommune til å gje innspel til denne,- det kan også andre gjera.

Mvh Jon

---

**Fra:** Tore Hufthammer <[tore@hufthamar.no](mailto:tore@hufthamar.no)>

**Sendt:** mandag 15. mars 2021 10:42

**Til:** 'Bjørke Nils T.' <[nils.t.bjorke@stortinget.no](mailto:nils.t.bjorke@stortinget.no)>; 'Toppe Kjersti' <[kjersti.toppe@stortinget.no](mailto:kjersti.toppe@stortinget.no)>; Jon Askeland <[Jon.Askeland@vlfk.no](mailto:Jon.Askeland@vlfk.no)>; [nmnr@stortinget.no](mailto:nmnr@stortinget.no); 'Vedum Trygve Slagsvold' <[trygve-slagsvold.vedum@stortinget.no](mailto:trygve-slagsvold.vedum@stortinget.no)>; Knut M. Olsen <[kmo@sp.no](mailto:kmo@sp.no)>

**Emne:** Fwd: Eksfin og Austevoll

Nær folk i hele Norge.

Forventar at de kjem med tiltak for ferjetilbodet til Austevoll denne veka. Forventar nye og rettferdige ruter i drift frå 1. januar 2022.

Med vennleg helsing:  
Tore Hufthammer  
Hufthamar 60  
5392 Storebø  
94132750  
[tore@hufthamar.no](mailto:tore@hufthamar.no)

----- Videre sendt melding -----

**Emne:** Eksfin og Austevoll

**Dato:**Wed, 10 Mar 2021 07:49:32 +0100

**Fra:**Tore Hufthammer <[tore@hufthamar.no](mailto:tore@hufthamar.no)>

**Til:**'Bjørke Nils T.' <[nils.t.bjorke@stortinget.no](mailto:nils.t.bjorke@stortinget.no)>, 'Toppe Kjersti' <[kjersti.toppe@stortinget.no](mailto:kjersti.toppe@stortinget.no)>, Jon Askeland <[Jon.Askeland@vlfk.no](mailto:Jon.Askeland@vlfk.no)>, [nmnr@stortinget.no](mailto:nmnr@stortinget.no), 'Vedum Trygve Slagsvold' <[trygve-slagsvold.vedum@stortinget.no](mailto:trygve-slagsvold.vedum@stortinget.no)>, Jon Askeland <[Jon.Askeland@vlfk.no](mailto:Jon.Askeland@vlfk.no)>

Eksportfinansiering Norge (Eksfin), skal fremma Norsk eksport, og bør liggja på Vestlandet der eksporten skjer meiner Jon Askeland. Dette er sjølvsagt god SP politikk.

Over lengre tid har Austevoll blitt hindra frå å auka sin eksport av nettopp Jon Askeland. Austevoll laksepakkeri vil byggja ut for kr. 500 000 000.- Auke sal av laks frå kr. 1 750 000 000.- i dag til det tredoble etter utbygging. Auke i talet på tilsette frå 150 til mellom 250 – 300. Eksport verdi pr. år vil altså bli 5 250 000 000. For å få dette til treng ein altså ei opningstid på ferja som eit anna og landfast samband med omlag halvparten av trafikken har i dag.

Det som hindrar denne utbygginga er Jon Askeland sin ferjepolitikk. I 2015 kom Helge Hopen rapporten denne syner at sambanda i Austevoll har langt dårlegare tilbod enn andre samband som også er landfaste. Jon Askeland skyldar på dårleg økonomi i fylket, samtidig som eit landfast samband med omlag halvparten av trafikken har to timar lengre opningstid og mange fleire rundturar. Eit anna landfast døgnope samband med mindre trafikk, går med 3500 tomme ferjer i året. Askeland og utval for samferdsel og mobilitet har fått mengder med innspel frå innbyggjarar, politikarar og næringsliv om dette , men ingen ting vert gjort.

Med all respekt, det er ikkje enkelt og forstå kva de driv med i nokon av desse sakene.

Sjå gjerne meir her: <https://hufthamar.no/ferjer-og-samferdsle-for-austevoll/>

--

Med vennleg helsing:

Tore Hufthammer

Hufthamar 60

5392 Storebø

94132750

[tore@hufthamar.no](mailto:tore@hufthamar.no)